

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/8870-1

## Val av styremedlemer og styreleiar til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2019 - 2020.

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som medlemer til styret for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i 2019 – 2020 vert valde:

Medlem:  
Vara:

Medlem:  
Vara:

Medlem:  
Vara:

Som styreleiar for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vert vald:

### Vedlegg:

1. Vedtekter

### Andre relevante dokument i saka:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen) er organisert som ei stifting med følgjande stiftarar:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Førde kommune
- Sunnfjord Næringsutvikling
- Førde ungdomslag
- Indre Sunnfjord Spelemannslag
- Sogn og Fjordane Folkemusikklag
- FolkOrg (tidl. Landslaget for spelemenn)

Stiftinga skal ha eit styre på sju medlemer med personlege varamedlemer, valde for to år om gongen. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal oppnemne tre medlemer med personlege varamedlemer til styret. Valretten er delegert til hovudutval for næring og kultur som og skal peike ut styreleiar.

Førde kommune vel eitt styremedlem m/vara. I tillegg vel representantskapen tre styremedlemer med vara. Styret vel sjølv nestleiar.

Styret for Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival har vore slik samansett i 2017 – 2018:

Styreleiar: Tone Winje (vald av fylkeskommunen)  
Nestleiar: Ivar Svensøy (vald av fylkeskommunen)  
Medlem: Gunn Åmdal Mongstad, (vald av fylkeskommunen)  
Arild Herstad, (vald av representantskapen)  
Dagfrid Brevik (vald av representantskapen)  
Arne M. Sølvberg (vald av representantskapen)  
Trude Skarvatun, (vald av Førde kommune)

Varamedlem: Liv Judit Straume (vald av fylkeskommunen)  
Reidar Fugle Nordhaug, (vald av fylkeskommunen)  
Jakob Andre Sandal (vald av fylkeskommunen)  
Magnus Hope (vald av representantskapen)  
Synnøve Bjørset (vald av representantskapen)  
Ingrid Heieren (vald av representantskapen)  
Trond Ueland (vald av Førde kommune)

Dei tre styremedlemene fylkeskommunen skal oppnemne til styret, inkludert varamedlemene, er på val no. Etter vedtektene kan ingen sitje samanhengande som styremedlem meir enn 8 år. Ivar Svensøy har site samanhengande i 8 år og kan såleis ikkje veljast på nytt. Styreleiar Tone Winje har bedt om avløyning.

Desse står på val no:

Medlem/styreleiar: Tone Winje	vara: Liv Judit Straume
Medlem: Ivar Svensøy	vara: Reidar Fugle Nordhaug
Medlem: Gunn Åmdal Mongstad	vara: Jakob Andre Sandal

Funksjonstida er ifølgje vedtektene 2 år, og vil gjelde f.o.m. 01.01.2019 t.o.m. 31.12.2020.